

1988?

Kva Må Gjerast

Utgitt av
Noregs kommunistiske studentforbund (stud.forb. til AKP(m-l))
med støtte av kulturstyret ved UiO

EF-debatt
nok ein gong

EF's rasisme


Send Bosman
heim til
Botha!

Kvifor bør
ein organisere
seg i NKS?

Nytt statsbudsjett
frå DNA...

... Nytt slag i trynet
på studentane






Nok ein dødsdom over høgare utdanning

Eit nytt statsbudsjett er lagt fram. Det føyer seg inn i rekka av dei mange nedskjæringsbudsjetta dei siste åra. Høgare utdanning, slik vi kjenner ho, står for fall. Arbeidarpartiet m.m. har for lengst avgjort at dei lange universitetsutdannin-gane med relativt stor valfridom ikkje lenger skal vere opne for alle. Dei har og valt å gjere høgare utdanning til eit privilegium for dei få som har råd til det. Middelet dei nyttar er stadig meir elendig studiefinansiering, nedbygging av offent-lege undervisningstilbod (heile fag og institutt er i ferd med å bli lagt ned) og auka privatisering innanfor universitetssektoren. Dette har og sin parallell innanfor høgskulesystemet og rammar særskilt typiske jente-skular, spesielt helse- og sosialfagutdannin-gane. Samstundes som bud-sjetta kuttast, blir det produsert utreiingar, a lå Lyngstadutvalet si, som har til hensikt å strømlin-

jeforme også desse faga etter dei kortsiktige interessene til næringslivet i Noreg. Konsekven-sen blir redusert omsorgs- og helsetilbod til barn, eldre, sjuke og andre som ikkje har for vane å bli lytta til som pressgruppe.

Vi står ved eit vegskille i dag. Framtida, slik ho ser ut i dag, vil komme til å bety auka klasse-, og distrikskille mellom dei som får og dei som ikkje får kunnskap. Den typiske taparen i konkurran-sen om kunnskapen blir arbeidarklassejenta frå Nord-Noreg, medan akademikarsonen frå Oslo 3 vinn kappløpet om kunnskapen og dermed om makta.

Budsjettet i år er korkje verre eller betre enn i fjor. Nettopp derfor blir det så viktig fordi det er ein lekk i nedbrytingsstrategien, den dei kallar «de nødvendige omstillinger som må til for å bringe oss på høyden med de land det er naturlig...»




Kamp mot rasisme – nei til EF!

Kampen mot rasismen er ein av dei viktigaste kampane i vår tid: Han inneber kamp mot eit system som undertrykker og fornedrar svarte menneske, kamp mot eit statleg kontrollapparat som i første omgang er vendt mot svarte og som i neste omgang kan bli vendt mot heile det arbeidande folket. Kampen mot rasismen er kampen mot maktas splitt- og hersk-politikk og mot eit menneskesyn som gjer kvite folk ute av stand til å gjennomskue kapitalismens fornedring av menneska i sin fulle dybde. Kampen mot rasismen er tent med at Noreg *ikkje* blir medlem av EF!

Det økonomiske systemet og maktstrukturane i Europa er rasistisk. I Europa finst det mekanismar og sturkturar som plasserer folk i posisjonar som er rase-spesifikke. Svarte innbyggjarar i Europa blir hardt undertrykt og utbytta. Dette skjer fordi dei økonomiske og politiske makthavarane tener på det. Medlemskap i EF styrkar desse makthavarane og styrkar dermed rasismen. Eit Europa der kapitalen har grenselaus fridom vil bety eit Europa der dei rasistiske strukturane utviklar og fortserkar seg.

Medlemslanda i EF vil oppheve grensekontrollen seg imellom. Folk skal kunne flytte fritt innanfor EF's grenser. Men EF's yttergrense vil vere stengt for folk frå den 3. verda.

I dag er innvandringslovgivinga i dei europeiske landa motivert av at ein ynskjer å stenga ute folk frå den 3. verda, og slik praktiserast også reglane. EF-medlemskap vil ikkje bety liberalisering av den norske innvandringspolitikken. Tvert imot vil det bety at Noreg deltar meir direkte i forsøket på å bygge ein mur kring Europa. Innanfor EF vil innvandrings- og flyktningepolitikken samordnast. Det vil bli vanskelegare for antirasistar i Noreg å kjempe mot denne reguleringspolitikken når vedtaka blir gjort i Brussel og ikkje i Noreg.



Stopp Sør-Afrikas mann i Noreg!

Eit av dei grovaste politiske overtrampa som DNA-regjeringa har stått bak i år har vore tilsagnet til Sør-Afrika om eige konsulat i Noreg. Regjeringas ja til Sør-Afrika inneber eit ja til:

- direkte rasistisk propaganda for apartheidpolitikken,
- muleg agentverksemd og overvaking av apartheidmotstandarar i heile Skandinavia. Dette set først og fremst sør-afrikanarar i eksil i stor fare.

Samstundes som regjeringa briskar seg med boikottlova, gir ho rasiststaten veslefingeren, som det einaste landet i Skandinavia. Pr. i dag er dette eit konkret åtak mot den anti-rasistiske kampen som vi må slå attende. Difor vil NKS oppmoda folk til å protestere, demonstrere, kjempe og ikkje gi seg før Bosman og liknande folk er ute av landet for godt!

EF-medlemskap – draum, røydom

Ordsiftet om norsk medlemskap i EF er i full gang. Kvifor? Jo, det er gått seksten år sidan folkerøystinga i 1972 og sterke krefter innafor norsk borgarskap ser no tida moden for å reise kravet om medlemskap på nytt. Høgresida har styrka seg sidan den gongen og over ein million nye veljarar er komne til.

Høgresida med Arbeidarpartiet i spissen, har slikka sine sår og kome seg etter sjokket. Det siste året har dei budd seg til ny strid: Konferansar og samlingar har vorte haldne ved universitet, høgskular og i forsamlingslokale i det vide land for å *informere* om kva som skjer i EF. Vel å merke *informere* om EF, og ikkje propagandere *for* EF. No har motstandarane av EF frå 1972 oppdaga kva som har skjedd det siste året og vel så det. Motstandarane fylkar seg til strid. I skrivande stund er Informasjonskontoret om EF skipa og det organiserast til motstand i Rogaland.

NKS har det same standpunktet som i 1972, vi er i mot norsk medlemskap i EF. Vi har tatt standpunkt allereie. Det vil sikkert mange lure på, og spørje seg: «Går det an å ta standpunkt så raskt, utan å få meir informasjon». Vårt svar er at ingenting har forandra seg sidan 1972 når det gjeld borgarskapet sine grunnar for norsk medlemskap i EF. Det ser vi óg av det som har vore av debattar, kor dei argumenta som vart ført fram i 1972, er dei same som blir ført i marka i dag.

Det som har forandra seg, er haldninga til spørsmålet mellom folk. I 1972 vart det som kjend fleirtal mot norsk medlemskap. I dag viser meiningsmålingane at synet på EF i folket er delt på midten, med ei stor veit-ikkje gruppe. JA-folket er kloke. Dei oppmodar folk til å ikkje gå ned i skyttargravene, men i staden søke informasjon. Dette gjer dei i full visse om at det er dei som vil tene på det. Dei har full kontroll over massemedia og jo fleire usikre det er i utgangspunktet, jo fleire vil dei nå med bodskapen sin. Samtidig spreier dei full forvirring i debattane fordi dei nyttar den same argumentasjonen for EF-medlemskap som NEI-folket nyttar mot EF-medlemskap, riktignok snudd på hovudet.

Døme:

- Gjennom seigt arbeid og internasjonalt samarbeid vil medlemskap føre til ei betre verd.
- EF gir det beste grunnlaget for å løyse dei store miljøproblema.
- I EF arbeider «dei grøne» innanfor systemet, fordi dei trur det nyttar.
- Vi må ha eit næringsliv som tener pengar.
- Dei små landa er overrepresenterte i EF-parlamentet.
- Med den indre marknaden blir det lågare arbeidsløyse.

Dette er nokre døme, det finst mange fleire.

Kva for verd vil EF-medlemskapet gjere betre? Den 3. verda eller den verda som vanlege norske lønsmottakarar lever i? Nei! EF er til for å betre verda for dei som høstar profitt og fortene. Historia har synt oss at det som tener kapitalistane ikkje tener vanlege folk, eller for den saks skuld den 3. verda. For dei vil EF føre til større utbytting og massedaude.

Medlemskap i EF gir oss det beste grunnlaget for å løyse miljøproblema blir det hevda. Vi spør då: Har Nordsjøen eller lufta over Noreg blitt reinare sidan 1972. Det er jo nettopp i denne perioden at det meste av forureiningane har skjedd, og at dei grøne arbeider innafor systemet er ikkje noko døme på at dei meiner at det er bra med EF. Det er jo eit paradoks at det er etter 1972 at dei store miljøorganisasjonane har vakse fram.

Vi må ha eit næringsliv som tener pengar blir det hevda. Då spør vi: «Kva vil skje med næringslivet når vi er med i EF?» ein av intensjonane med den opne marknaden skal vere å rive ned tollhindra og stimulere fri kapitalflyt. Vi veit at arbeidskrafta er dyrare i Noreg enn i EF-landa. I tillegg ser vi allereie i dag at bedrifter i Noreg «flaggar ut» for å kome nærare marknadene og underleverandørane. Norsk medlemskap i EF vil bare påskunde denne utviklinga, og om nokre år vil ikkje næringslivet vårt tene pengar i det heile, fordi vi ikkje har noko næringsliv.

eller dans på raude roser?



EF-landa har i dag ein arbeidsløyseprosent mellom 10% og 12%. Innafor den opne marknaden skal arbeidskrafta kunne flytte kor den vil. Dette vil automatisk føre til at arbeidarar frå andre land vil søkje mot Noreg, i staden for å reise kampen for fleire arbeidsplassar i deira eigne land. Dessutan vil dei andre EF-landa rekne det som uakseptabelt at Noreg skal ha ein lågare arbeidsløyseprosent enn dei sjølve. I Noreg er det ein tradisjon at det blir brukt økonomiske verkemiddel for å halde arbeidsløysa nede, noko anna ville vere politisk sjølv-mord i Noreg. Andre land i Europa har ikkje denne tradisjonen.

Det viktigaste argumentet for meg oss å gå i mot norsk medlemskap i EF er å halde på den nasjonale sjølvrådetretten. JA-folket seier at det er så lite att av den, at det ikkje er noko argument. Det er det same som å skyte pasienten, fordi han er sjuk. Dei multinasjonale selskapa blir ikkje så trugande i høve til eit stort internasjonalt fellesskap hevdar JA-folket. Med eit stort EF vil jo nettopp desse selskapa få boltre seg fritt, utan desse ekle tollmurane og restriksjonane på flytting av kapital.

Innafor EF vil det norske Stortinget si rolle i Noreg kunne samanliknast med eit fylkesting si rolle i Noreg i dag. Finnmark er eit «problemområde» i Noreg i dag p.g.a. avfolking osv. Om tjue år kan vi få oppleve at Noreg som land, er eit tilsvarande «problemområde» innafor EF, med store avfolkningsproblem m.m.

«Vi må vere med å bestemme over vår eiga framtid» er eit ynda argument hjå ungdomsorganisasjonar som er for EF. Denne retten eksemplifiserast m.a. til at vi må få bu der vi sjølve vil. Denne retten har vi i Noreg i dag. Det som ligg bak dette argumentet er at du skal få lov til å bu der kapitalen har bruk for deg. Når arbeidsløysa var som størst i Noreg i 1983/84, fekk oppsagte arbeidarar frå Trondheim Mekaniske Verkstad valet mellom å flytte til Stord eller å ikkje få arbeidsløysetrygd. Slik vi det og vere i EF. Du kan som arbeidslaus få tilbod om jobb i Lisboa eller Athen. Det er ikkje snakk om retten til å få bu der ein vil, men retten til å bli tvunge til å bu der ein må.

For NKS er ikkje EF-medlemskap snakk om å skape ei betre verd for folk, men ei løysing på ein del av dei problema som kapitalen i Noreg strir med i dag. Å løyse desse problema til kapitalen står i direkte motstrid til å skape ei betre verd for folk.

NEI TIL SAL AV NOREG!!!!

EF's indre

Bak opprettinga av det Europeiske Fellesskapet, sto dei mektige europeiske storkonserna som ei viktig drivkraft. Dei nasjonale marknadene blei for små for industrigigantane. Nasjonalstatane hindra den frie flyten av varer og kapital. Dei første skritt mot eit Europa utan grenser og stengslar for kapitalen blei tatt da dei avtalene, som EF kviler på i dag, blei inngått. Den viktigaste er EF's «grunnlov», Romatraktaten. Neste skritt er å opprette ein «indre marknad».


Regjeringane i dei tolv medlemslanda har vedtatt ein plan for å opprette denne «indre marknaden» innan 1992. Prinsippa og dei politiske retningslinjene er konkretisert i EF-kommisjonens «kvitebok» av 25. juni 1985. Denne marknaden vil, med sine 320 millionar menneske, bli eit av dei største marknadsområda i verda. Målsettinga er ein ekspanderande og fleksibel marknad «hvor ressursene, det være seg mennesker, materielle ressurser eller kapital og investeringar, strømmer til områder som tilbyr de største økonomiske fordeler» (Kvitebok pkt. 8)

For å nå målsettinga må medlemslanda gjennomføre store endringar i si nasjonale lovgiving. I Kviteboka blir det operert med tre døme på handelsbarrierar som må fjernast:

- 1) dei fysiske barrierane (t.d. grensekontroll)
- 2) dei tekniske barrierane (t.d. varestandardar)
- 3) dei fiskale barrierane (t.d. særavgifter, skattar)

For å fjerne barrierane forutset Kviteboka at EF må vedta over 300 direktiv innan utløpet av 1992. Kommisjonens framlegg er konkrete, og det er fastsatt datoar for når dei einskilde vedtaka skal treffast. Av lovendringar som må bli gjennomført nemner EF-kommisjonen blant anna:

- oppheving av nasjonale proteksjonistiske tiltak og kvotar
- fjerning av skatte- og avgiftsskilnader landa imellom
- ingen næringsmiddelkontroll i importlanda
- samordning av reglar om sal av ulike produkt: kva som kan seljast, krav til innhald, osb.
- alle offentlege innkjøp av varer og tenester skal



underleggjast prinsippet om EF-dekkande anbudspraksis og konkurranse frå alle EF-land.

Ved sidan av å ville ha eit Europa utan grenser for handel og kapitalflytting, har Europas industri-

marknad



herrar eit anna mål dei vil realisere gjennom den «indre marknaden»: dei vil svekke arbeidarorganisering og oppheve arbeidsvernlovgivinga. I dag blir det satt inn eit nøyte harmonisert åtak på arbeidarklassen i Europa. Levestandarden skal

ned, arbeidstidsreguleringar blir fjerna, reglar om arbeidsmiljø blir svekka og tilkjempa faglege rettar blir fråtatt fagorganisasjonane.

Trylleformularet EF-kommisjonen opererer med er «deregulering», d.v.s. å oppheve tidlegare reguleringar. I rapportar frå 1987 fortel Kommisjonen om endringar i medlemslanda som han ser på som viktige skritt på vegen mot ein «indre marknad». Vi nemner nokre:


- Frankrike: Lovforslag om fjerning av lov mot nattarbeid for kvinner, auka fleksibilitet og auka rett til å innføre ei vekesarbeidstid på opptil 44 timar.
- Hellas: Vedtak om å innføre eit fjerde skift i arbeidslivet.
- Spania: Auking av talet på deltidstilsette, som i hovudsak er kvinner, frå 54.000 til 130.000, samt endra overtidslovgiving for å oppheve daglege og månadlege arbeidstidsreguleringar.
- Portugal: Svekking av forskrifter om oppseiingsvern.
- Vest-Tyskland: Arbeid for å oppheve lovgiving som hindrar sundagsarbeid.

Det denne «dereguleringa» inneber er greitt forklart av den vest-tyske arbeidsgivarorganisasjonen i «Informationsdienst 15/88»: «Alle land må tilpasse seg akkurat det landet som har færrest forskrifter og einskildreguleringar – altså harmonisering på lågaste nivå.»

Storføretaka i Europa vil oppnå mykje gjennom ein «indre marknad». Leiande industriherar står da også sentralt i arbeidet med å utvikle denne marknaden. Dei er organiserte i ei gruppe som kallast «The Roundtable of European Industrialists». Oppgåva deira er å utforme planane og legge premissa for korleis monopolas Europa skal sjå ut etter dei gigantiske omstruktureringane fram mot 1992. I jamnlege møte med EF-kommisjonen legg gruppa fram synspunkta sine på dei tiltaka som Kommisjonen set i verk fram mot 1992.

Kontakt NKS i:

OSLO



Werner Hauge
Gøteborggt. 8,
0566 Oslo 5

TR. HEIM



Øyvind Thomassen
Prinsensgt. 14,
7000 Tr. heim

BERGEN



Bjørg Eli Eide
Studentsenteret
Parkv. 1, 5007 Bergen

Meld deg inn i NKS

– Er du forbanna på dårleg studentøkonomi, lånekassa, bustadsituasjonen, staten sin rasisme som óg rammer utanlandske studentar, kvinneundertrykking, faren for ein ny storkrig, supermaktene si utbytting av land og folk i den 3. verda?

– Er du villig til å gjere noko sjølv for å vere med på å skape ei betre verd?

– Er du interessert i teori, politiske studiar og politisk kamp?

Da er medlemskap i NKS det rette for deg!

NKS jobbar nemleg med alt dette. Men samstundes har vi eit vidare perspektiv på arbeidet – vi er ein revolusjonær organisasjon. Vi kjempar for eit samfunn fritt for utbytting og urett – for eit sosialistisk samfunn. Om ein skal få forandra noko som helst på verda av i dag, må ein organisere seg politisk. Det er berre gjennom politisk arbeid saman med andre at ein kan nå fram til resultat. Aleine vil ein ikkje greie å oppnå noko opp imot dei mektige fiendane – borgarskapet og staten deira – som studentane og folket elles, står overfor.

I tillegg til å vere ei slik organiserande kraft på ulike område, så er NKS og ein «skole» i teoretiske studiar og i politisk kamp. NKS arrangerer m.a. ulike typar studiesirkklar og skoleringsopplegg dei stadene kor vi er organiserte. Som medlem av NKS blir ein såleis ikkje berre del av eit politisk og sosialt felleskap, men og av ein organisasjon som driv omfattande studiar, og som fører mange store og spennande diskusjonar.

Og sist men ikkje minst – for å reise studentkampen betre og meir effektivt, for å slå sterkare mot staten si rasering av høgare utdanning, for å nå einskap med arbeidarklassen og andre undertrykte sine kampar, for å bruke faga våre til politisk verksemd – så treng studentane i Noreg eit større og sterkare NKS!

Vi treng altså deg som medlem i NKS no! Samstundes treng du og NKS om du skal ha nokon som helst sjanse til å reise kampen mot urett og undertykking, og få omsett det du meiner i praksis!

På universiteta og høgskolane er NKS det einaste verkeleg radikale alternativet. Derfor: *Bli med på studiesirkel! Bli med i NKS!*

- ☐ Eg vil vere med på studiesirkel i NKS
- ☐ Eg vil vite meir om NKS
- ☐ Eg vil bli medlem av NKS

Namn:

Adresse:

Sendast til:

NKS, Gøteborggt. 8, 0566, Oslo 5.

Tlf. (02) 38 42 50

